

Fra: "Grete Solheim" <grete.solheim@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: torsdag 20. mars 2025 12.31.01
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Høringsuttale 202407039

Høyring frå Kvinnherad kommune org.nr 964967636

Vår ref.: 2025/4193-2

Dato: 19.03.2025

Notat gjeld: Merknad til høyring - konsesjonsvurdering av Jonatre mikrokraftverk i Tveitelva

Kvinnherad kommune overtok Omvikdalen vassverk 01.01.93, med dei rettar som høyrer med. Blant anna vassrett i Tveitelva og festekontrakt til demning:

- Kvinnherad kommune har overteke vassretten frå 100/1 og avtalen er signert 1964 med gyldigheit i 99 år med rett til fornying.
- Grunneigarane som i tillegg har signert på at vassretten vert overført til vassverket er: 100/13,7,3,11,2,9,10,14,5 og 98/4,1

Vassrett og demning i Tveitelva er i dag reservevasskjelde til abonnentane i Omvikdalen forsyningsområde. Merknad til konsesjons søknaden til Jonatre mikrokraftverk er:

- Kraftverket må ikkje påverka vassmengda som vassverket kan ta ut frå elva.
- Vassmengda oppstraums demningen må ikkje reduserast, og nivået oppstraums demningen må ikkje seinkast.
- Eit eventuelt tiltak for å nytta vatn som går i overløp, må ikkje forringa demningen. Dersom overløpsvatn skal nyttast til kraftproduksjon må utbyggjar gå i kontakt med kommunen for å sjå på mogleg konstruksjons etablering på demningen.
- Skal overløpsvatn nyttast til kraftproduksjon, må drikkevassproduksjon prioriterast. Ved minkande tilrenning i tørre periodar vil det truleg ikkje vera nok vatn til kraftproduksjon dersom kommunen samtidig tar ut drikkevatt frå Tveitelva.

Med helsing
Grete Solheim | Næringssjef
Mobil: +47 991 53 785

www.kvinnherad.kommune.no |



KVINNHERAD
K O M M U N E